

Tekst/foto: Marta-Brit Lunde

- Det er bra med meistring, men eg har meir tru på å bli gode nok i lag.

# Å gi røter og vengjer

**Barn er ikkje meir kompetente enn omgjevnadene tilbyr dei moglegheita til å vera.**

Utsegna er Robert Piantas, men også bærebjelken i arbeidet til spesialpedagog og suldøl Svanaug Lunde.

- Sjå her, dette er beviset på at eg har vore ein god karriereplanleggjar.

På bordet ligg ei rustraud gammal arbeidsbok frå barneskulen. Med løkkeskrift står det: Svanaug Lunde, 11 år, 5. klasse. Ho blar opp midt i heftet og les høgt: Eg vil bli førskulelærarrinde for det er gøy og vera med småungar. Og me tenar godt.

Heile ansiktet opnar seg i eit stort smil. - Tenar godt, eg veit ikkje kor eg hadde det frå.

Om ho så ikkje har tent opp mange kroner etter tre tiår innan yrket, manglar det ikkje på erfaring og kunnskap som ho nå gir vidare til andre.

## Frå hjarta

- I 1984, då eg starta å jobba i barnehage, gav ein førskulelærer meg eit råd; ei haldning som nok var rådande på den tida. Ho sa: Du må ikkje bli kjenslemessig engasjert, men halda ein proff distanse frå ungene.

- Kan du tenkja deg! Frå då av, og i heile karrieren min, har eg hatt som mål å jobba mot ei slik haldning, seier ho kontant, og med eit bestemt blick som brått blir mjukt att.

- Ein må ha hjarta med seg. Eg vil at barnehagebarn skal kjenna seg gode nok, vita dei er elska, og at verda er til å stola på. Som vaksen må ein byggja ein relasjon som viser barnet at: Eg vil deg vel, og eg forstår deg.

Ho ser at mange vaksne er for utydelege og ettergivande. Barn treng tydelege og varme vaksne, som kan ta styring når det trengs. Barn skal få lov til å bli meir og

meir sjølvstendige og dei treng å bli ansvarleggjort, alt etter alder og modning. Og oppi alt dette skal dei kjenna seg verdsett.

## Relasjonar

51-åringen trur på vilkårslaus kjærleik og gode relasjonar mellom vaksen og barn. Frå hausten 2011 har ho, saman med kollega Ingunn Størksen på Læringsmiljø-senteret, jobba med prosjektet Skoleklar, der 244 førskulebarn er observerte i barnehagekvardagen sin.

Eit urovekkjande funn var kor liten verbal kontakt vaksne hadde med barna, og då særskilt femåringane. Språk og kommunikasjon er avgjerande for å klara seg i skulen, men også for å kunna setja ord på eigne kjensler som skal organiserast og formidlast til dei rundt. Fri leik og mindre prat gav fleire konflikter, og resultatet viste låg skår på relasjonar, spesielt verbalt, mellom vaksne og barn.

## Regulera

- Ein femåring treng hjelp av ein vaksen til å organisera kjensler, om det er sinne eller frykt, for å hjelpa dei til å sjølv å regulera eiga åtfærd. Dette for å tilpassa seg i sosiale samanhengar, men også for å opna og gi plass for læring.

Ny forskning viser at relasjonen mellom vaksne og barn kan gjera ein stor forskjell når det gjeld barns utvikling. Ei trygg tilknytning til vaksne og evna til å regulera kjenslene, emosjonsregulering, heng sterkt saman. Over 1400 visningar har den vesle videosnutten fått, der suldølen forklarar Dan Siegels modell om emosjonsutvikling og emosjonsregulering.


## Deler erfaring

Etter første jobb i barnehage, som barnepleiar for tretti år sidan, har tobarnsmora utdanna seg undervegs med bachelor i pedagogikk og master i spesialpedagogikk som ho fullførte for to år sidan. I dag er ho tilsett som lektor ved Læringsmiljø-senteret på Universitetet på Ullandhaug og driv i tillegg som sjølvstendig næringsdrivande der ho tilbyr føredrag, kurs og fagleg oppfølging til barnehage-tilsette.

- Når eg er ute og held føredrag, får eg ofte tilbakemeldingar frå barnehagefolk som; eg visste ikkje at eg hadde ein så viktig jobb. Tilhøyrarane legg og godt merke til at eg har jobba mange år "på golvet", eg veit noko om kva utfordringar dei kan ha i kvardagen.

## Røter med rikdom

- Ein kollega sa til meg; du veit ikkje kor



Alt i 5. klasse visste Svanaug Lunde kva ho ville jobba med.



heldig du er som har vakse opp med dyr rundt deg, som har kunna bli med ut og hausta gulrøter og blomkål til eigen middag og ei mor som bakar brød på kjøkenbenken. For mange barn i dag er dette ikkje sjølvsgat, å kunna sjå kor maten vår kjem frå.

Barndommen i Suldal ber ho med seg som verdfullt reisegods, sjølv om det er over 30 år sidan ho budde her. Og jo eldre ho blir, jo meir oppdagar ho korleis oppveksten heime har forma henne, om ho så hentar sommarblomar langs med Suldalslågen, eller traskar med tung vassbøtte frå bekken ved Sandsavatnet og opp til broren si hytta på Haugastøl.

- Første åra etter at eg flytta vekk, sakna eg lyden frå Lågen. Det gir ei heilt spesiell ro å høyra vatn. Men også åra på Vinjar skule og det å ha all slekta rundt seg her inne, er endå band av fellesskap ho kjenner er viktige.

- Eg har framleis oversikt over fødselsdagsdatoane til alle klassekameratane mine. I går var det Brita Sofie.

## - Å dra suldalskortet

- Når eg seier heim, er det Suldal eg meiner, seier suldølen som nå har postnummer Sandnes.

Smilet hennar sprekk opp nå ho tenker på ei hending då Suldal inntoks scena. Under eit munnleg masterframlegg, eit arbeidskrav for å gå opp i eksamen, på Universitetet i Stavanger, fekk ho i førekant to råd av førsteamanuensis Pål Roland: Ha få lysark og fortel ei kjekk historie.

Med koordinator og sensor på første rad og publikum i salen, fortalde ho ei hending frå oppveksten heime, før ho

gjekk over til det faglege. Etter det tretti minutt lange framlegget lurte koordinatoren på om sensor hadde nokre spørsmål.

- Eg vil snakka om Suldal, sa han. Svanaug ler godt.

- I tettertid har eg kalla det å dra suldalskortet. Etter fleire minutt med prat om Suldal, spurte koordinatoren, litt strengt, på nytt om han hadde fleire spørsmål, men sensoren var nøgd.

## Den gode flokken

- Eg er så glad i Per Fugelli, og det han seier: Ta godt vare på flokken din. Slik ein familie er eit arbeidslag der alle må bidra. Det å ta godt vare på dei rundt deg. Med eitt er ho attende til barndomen på Lunde.

- Eg minnest ein gong me søsken hadde stått på i siloen heime, og pappa kom og såg innsatsen me hadde gjort, og så seier han: Eg er så stolt over det de har gjort, nå kjører eg opp på Osen og kjøper ein kasse brus.

Ei verdsetjing som bobla og bruste like mykje, om ikkje meir, enn kolsyra i flaskene.

## Dyrka i lag

Ho er skeptisk til dagens dyrking av vinnarkulturen.

- Det er bra med meistring, men eg har meir tru på å bli gode nok i lag. Å vera i eit fellesskap der ein er raus og tar vare på kvarandre.

- Eg er så einig med Astrid Lindgren som sa: Gi barna kjærleik, meir kjærleik og enda meir kjærleik, så vil folkevetet komma av seg sjølv.

- Eg vil at barnehagebarn skal kjenna seg gode nok, vita dei er elska, og at verda er til å stola på.